



INNLEIING:

Vågsøy kommune tok kontakt med Fylkesarkivet i januar 1997 og ba om hjelp til å utarbeide post/sak/arkivplan.

I februar samme år blei det oppretta ei tverretatleg arkivgruppe, utnemnt i etatsjefsmøte, som skulle utarbeide planen.

OPPNEMNING AV ARKIVGRUPPE:

Etatsjefsmøte utnemnde følgjande arkivgruppe som skulle ha hovedansvaret for planarbeidet:

Helse-og sosialetaten:	Renee Kråkenes
Skuleetaten:	Ellen Herland
Teknisk etat:	Arnhild Turøy
Kultur-og næringsetaten:	Gerda Haugen
Rådmannskontoret:	Solbjørg Teige
	Jorunn Televik
	Sturla Brunvær
Fylkesarkivet:	Gunnar Yttri

Jorunn Televik blei utnemnt til leiar.

MANDAT FOR ARKIVGRUPPA I VÅGSØY KOMMUNE:

Vedteken i formannskapet sak F 97/0054.

"

1. Arkivgruppen skal styre og ha ansvar for å gjennomføre arbeidet med "omlegging av arkivsystem og rutiner" for Vågsøy kommune. Resultatet skal bli en POST/SAK/ARKIVPLAN.
2. Arkivgruppen skal etter avsluttet planarbeid ha oppfølging-/endringsansvar for POST/SAK/ARKIVPLANEN - og andre løpende spørsmål innenfor området, herunder kontakt med Fylkesarkivet, opplæring, kontroll m.m.
3. Arkivgruppen skal ha en tidsplan/arbeidsfordeling som gruppen så langt som mulig skal følge i arbeidet.
4. Arkivplanarbeidet vil få følger for alle personer som er tilsett i Vågsøy kommune, og derfor må alle involverast i plan-, opplærings- og omleggingsarbeidet. Arkivgruppen har derfor myndighet til å pålegge alle til å delta der det er nødvendig. Etatsjefane har ansvaret for at pålagt arbeid blir utført.

5. Arkivgruppen har ikkje egne økonomiske midlar for å gjennomføre prosjektet. Eventuelle utgifter i forbindelse med arbeidet og gjennomføringen av planen må takast opp spesielt.

6. Målet med arkivplanen er bl.a. å innføre fullført saksbehandling, rasjonalisere tidsbruken og skape større profesjonalitet ved arkivbehandling."

ARBEID MED PLANEN:

Fylkesarkivet ved Gunnar Yttri har vore ansvarleg for den faglege delen av planarbeidet og Jorunn Televik har leia arbeidet i Vågsøy kommune.

Planen er utarbeidd med grunnlag i tett samarbeid mellom Fylkesarkivet, arkivgruppa og alle etatane. Reglement (1), daglege rutiner (2), fullført sakshandsaming (3) og mellom-/fjernarkiv (5) er "ført i pennen" av arkivgruppa med god hjelp i tidlegare planer utarbeidd av Fylkesarkivet. Arkivseriar (6) er kartlagt av etatane og ferdigstilt av arkivgruppa.

Alle delane er godkjende av rådmannen.


Del 4 - EDB manglar.

Vågsøy kommune er inne i ein endringsprosess vedrørende EDB. Denne delen vil kome seinare og justeringar i arkivplanen gjerast i tråd med dette.

Kvar etat har ansvar for å følgja retningslinene i arkivplanen. Arkivgruppa skal følgje opp bruken av planen i etatane. Eventuelle endringar og oppdateringar av planen må takast opp med arkivgruppa.

VÅGSØY KOMMUNE, september 1998



Gunnar Yttri
Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane


Jorunn Televik
-arkivleiar -

Arkivplanen er i dag oppdatert i samsvar med Arkivlova med forskrifter.

VÅGSØY KOMMUNE, 9. mars 2000


Gunnar Yttri
Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane


Jorunn Televik
-arkivleiar -

INNHALD I ARKIVPLANEN

DEL 1 REGLEMENT FOR POST/SAK/ARKIVARBEIDET

Reglementet viser kva for lover og reglar som ligg til grunn for post/sak/arkiv-arbeidet og definerer kven som har ansvar for dei ulike oppgåvene.

DEL 2 RUTINER FOR DAGLEG POST/SAK/ARKIV

Dette forklarar korleis vi dagleg skal handsame dokument: post-og arkivrutiner.

DEL 3 REGLEMENT FOR FULLFØRT SAKSHANDSAMING

Dette reglementet forklarar korleis vi skal gjennomføre sakshandsaminga og ivareta arkivansvaret.

DEL 4 EDB

Under arbeid

DEL 5 MELLOM-OG FJERNARKIV

Denne oversikta viser kvar etatane har sine mellomarkiv og kvar kommunen sitt fjernarkiv er. Det er også ei oversikt over/forklaring på sikring, arkivkataloger, bruk og lån frå fjernarkiv i samband med eldre arkivsaker m.m.

DEL 6 ARKIVSERIAR

Desse seriane gjev eit oversyn over kva arkivmateriale kvar etat og underliggande einingar har ansvar for.

DEL 1

VÅGSØY KOMMUNE

REGLEMENT

for

POST/SAK/ARKIVARBEIDET

- kva lover og reglar ligg til grunn ?
- kven har ansvar ?

Del I - Reglement for post/sak/arkivarbeidet

FORMÅL.....	2
Stette dei juridiske krava.....	2
Bidra til funksjonell og rasjonell sakshandsaming	2
Ivareta den historiske verdien	2
ARKIVANSVAR	4
Overordna ansvar	4
Fagleg ansvar	4
Arkivleiar	4
Arkivansvarleg	5
Arkivgruppe	5
Sakshandsamar	5
Fylkesarkivet/kommunearkivordninga	5
SIKRING AV MATERIALE	6
Tryggleik - publikum/tilsette	6
Tryggleik - fysisk sikring.....	6
Mellombels løysing for sikring	7
Krav til arkivlokale i nybygg og ved ombygging	7
Tryggleik - elektronisk sikring.....	8
Sikring mot tap av informasjon	8
Sikring mot tilgang for uvedkomande	8
Personelltryggleik	8
Systemteknisk tryggleik.....	9
Krav til arkivsystem.....	9
Noark-standard	9
Krav til arkivmedia	10
Papirmedium	10
Elektronisk medium	10
Mikrofilm.....	10
Krav til arkivutstyr	10
Utstyr til merking	10
Skap og mapper	10
Hyller og reolar	11
ORGANISERING OG SYSTEMATISERING AV ARKIV	12
Grunnleggande prinsipp for arkivering - proveniensprinsippet.....	12
Nokre sentrale omgrep.....	12
Arkivplan	12
Arkivnøkkel	13
Saksomgrep.....	13
Periodisering	13
Periodisering av saksarkiv	14
Avlevering.....	15
Avlevering til fjernarkiv	15
Instruks for avlevering av personregistermateriale	15
Oppstilling i fjernarkivet.....	17
Arkivavgrensing, bevaring, kassasjon	17
Arkivavgrensing	17
Bevaring	18
Kassasjon.....	19

Del I - Reglement for post/sak/arkivarbeidet

FORMÅL

Vågsøy kommune har som mål å drive arkivarbeidet i samsvar med dei lover og reglar som gjeld for området. Arkivplanen skal leggje føringar som gjer at Vågsøy kommune til ein kvar tid tilfredsstiller dette målet. Planen skal resultere i ei effektiv dokumenthandsaming som stettar krava til både interne og eksterne brukarar.

Nedanfor er gjort ei inndeling utifrå juridiske, historiske og funksjonelle krav.

Stette dei juridiske krava

Arkivlova med forskrifter fungerer som eit rammeverk rundt alle arkivrelaterte spørsmål i kommunal forvaltning. Det vil seie heilt frå dokumenta oppstår som ledd i den daglege verksemda til dei vert plassert i fjernarkiv tilgjengleggjort for ettertida. Arkivplanen for Vågsøy kommune skal til ein kvar tid fremje denne lova sine intensjonar.

I tillegg til at arkivarbeidet er heimla i eiga lov, er arkiva og rutinane knytt til dei ofte avgjerande for å kunne etterleve sentrale lover og reglar på ein tilfredstillande måte. Forvaltningslova og offentleglova er lover som set krav til arkiva.

Forvaltningslova set krav til effektiv og sikker sakshandsaming i offentlig forvaltning. Lova set krav til arkiva i høve til tilgjenge, dvs oversiktlege og ryddige arkiv, og tryggleik, dvs. sikker oppbevaring av opplysningar underlagt teieplikt. Arkivplanen for Vågsøy kommune skal til ein kvar tid syte for at arkiva tilfredsstillar desse krava.

Offentleglova seier at forvaltninga sine saksdokument er offentlege så langt det ikkje er gjort unntak i lov eller i medhald av lov. Arkivplanen skal syte for at Vågsøy kommune praktiserer rutinar som gjer at krava i denne lova vert overhaldne. Samstundes skal arkivplanen sitt serieoversyn til ein kvar tid gje det oversynet som det vert set krav til i denne lova.

Bidra til funksjonell og rasjonell sakshandsaming

Arkivet er ein viktig reiskap i offentlig forvaltning. For at sakshandsaminga skal kunne gjennomførast mest mogeleg effektivt og korrekt, er det viktig at informasjonen er lett tilgjengeleg og at dokumentasjonen er ordna på ein slik måte at det sikrar ei forsvarleg sakshandsaming. Dette inneber mellom anna oversyn over ulike typar arkiv i forvaltninga, arkiva sine ordningsprinsipp, systematisk periodisering og konsekvent bruk av saksomgrep med referansar til eventuelle nærskylde saker.

Godt utbygde arkivrutinar skal lette den daglege sakshandsaminga.

Ivareta den historiske verdien

Den historiske verdien til arkiva er stor. Etterkvart som arkiva mister sin administrative verdi aukar den historiske verdien. Ingen annan stad vil lokalsamfunnet vere betre dokumentert enn i kommunearkiva. Denne historikken vil avspegle økonomiske og sosiale trekk i tida. I tillegg finn ein også her historikk som vedkjem enkeltpersonar. Skal ein kunne gjere nytte av denne

Del 1 - Reglement for post/sak/arkivarbeidet

informasjonen er det av avgjerande betydning at arkiva er ryddige og brukarvenlege. Er dei ikkje det vil den historiske verdien vere svekkja.

Arkivplanen skal bidra til rutinar som gjer at dagens materiale vert oversiktleg og lett tilgjengeleg for ettertida. Den skal også gje klare retningsliner for det kommunale som allereie er av historisk verdi. Det samla tal arkivplanar vil spegle administrative og arkivorganisatoriske endringar i kommunen opp gjennom historia.

Del I - Reglement for post/sak/arkivarbeidet

ARKIVANSVAR

Overordna ansvar

Det overordna ansvar for arkiva til ein kommune ligg hjå administrasjonssjefen. Det vil for Vågsøy kommune vere rådmannen jf. kommunelova § 23.

Einingsleiarane har ansvar for arkiva som ligg til deira område. Eit offentleg organ har vidare ansvar for at underliggjande einingar får naudsynt rettleiing, råd og instruksar for arkivarbeidet. Organet har det overordna ansvaret for offentlege utval som organet har nedsett.

Fagleg ansvar

Arkivleiar

Arkivleiar er fagleg leiar for arkivarbeidet i kommunen. Arkivarbeidet skal som hovudregel utførast av ei eiga eining som er under dagleg leiing av arkivleiar. Arkivleiaren har fullmakt til å instruere sakshandsamar og arkivpersonale arkivfaglege problemstillingar og skal til ein kvar tid vere oppdatert på den faglege utviklinga av arkivsektoren.

Arkivleiar skal:

- krevje seg førelagt for godkjenning endringar til arkivplan, eller deler av slike journalsystem (manuelle og edb-baserte), arkivnøklar og arkivinstruksar m.m.
- inspisere arkiv.
- vurdere dei arkivfaglege konsekvensane i samband med nedlegging eller omorganisering av verksemdar i kommunen.
- påtale tilhøve som bryt med gjeldande føresegner om arkivarbeidet.
- syte for at nyttilsette får naudsynt opplæring og instruksjon.
- halde seg orientert om arkivpersonalet/sakshandsamarane sine kvalifikasjonar og prestasjonar for å kunne gi naudsynt opplæring og instruksjon.
- utarbeide konkrete instruksar innanfor gjeldande arkivplan der dette er naudsynt.
- oppbevare alle reglar og retningsliner som gjeld arkivarbeidet i etaten og syte for at desse er kjende for dei det vedkjem.
- løpande vurdere vedtekne retningsliner og ta dette opp med leiinga i kommunen.
- sjå til at arkivmateriale til ein kvar tid vert handsama og oppbevart forskriftsmessig.
- sjå til at alle aktive arkiv er med i arkivserieoversynet og at opplysningane der stemmer med realitetane.
- sjå til at registrering og arkivering skjer i samsvar med vedtekne arkivnøklar.
- sjå til at det alltid er samsvar mellom arkivet sin edb-basar og det fysiske arkiv.
- sjå til at arkivavgrensing og kassasjon skjer i samsvar med gjeldande reglar.
- vere kommunen sitt bindeledd til Fylkesarkivet.

Del I - Reglement for post/sak/arkivarbeidet

Arkivansvarleg

Med arkivansvarleg meiner ein i denne planen den som har det daglege ansvaret lokalt ved kvar enkelt eining. Leiar for kvar journalførande eining skal utnemne ein arkivansvarleg for sitt område. Arkivansvarleg vil stå direkte under arkivleiar og vere arkivleiar sin medspelar ut mot einingane. Det vil vere den arkivansvarleg sitt ansvar å sjå til at arkivarbeidet på vedkomande eining vert drive etter gjeldande lover og reglar. Vedkomande skal rapportere vidare til arkivleiar dersom det er naudsynt. Arkivansvarleg vil ha ansvar for at personalet har den naudsynte arkivkunnskapen.

Arkivgruppe

Arkivgruppa skal fungere som ei styringsgruppe for arkivarbeidet i kommunen. Den bør samlast minst to gonger i året og innehalde representantar frå alle kommunale einingar nivå. Gjennom arkivgruppa vil ein jamleg kunne fange opp arkivfaglege problem på ulike nivå og diskutere moglege løysingar på problema. Arkivgruppa skal leiast av arkivleiar.

Sakshandsamar

Sakshandsamar pliktar å rette seg etter dei retningslinene som er gjevne av arkivleiar og som er nedfelt i denne planen. Ynskjer sakshandsamar å endre på arkivrutinane, må vedkommande ta kontakt med arkivleiar som eventuelt tek endringane med i ein oppdatert arkivplan. Det er ikkje høve for sakshandsamar å fråvike dei rutinane som er nedfelt i denne planen.

Fylkesarkivet/kommunearkivordninga

Vågsøy kommune er med i kommunearkivordninga til Fylkesarkivet og får difor utført arkivfaglege tenester av gjennom dette medlemskapet. Dette er tenester som femner om alt frå arkivdanning til ordning av eldre kommunale arkiv.

Desse tenestene er:

1. Hjelp med den faglege og teknologiske utviklinga som skjer innanfor område informasjonshandsaming og arkivarbeid.
2. Råd og rettleiing i spørsmål som knyter seg til EDB og arkiv.
3. Utarbeiding og iverksetjing av kommunale arkivplanar.
4. Deltaking i arbeidet med omlegging frå gamal til ny arkivnøkkel.
5. Ivareta personregister og arkiv med personopplysningar.
6. Arbeid med eldre kommunalt arkivmateriale.
7. Arbeid med å spore opp, ordne og registrere ikkje offentleg arkivtilfang i kommunen.
8. Deltaking i planlegging, oppbygging og drift av lokalhistorisk arkiv i kommunen.
9. Hjelp og rådgjeving i spørsmål som gjeld lokalhistorie.
10. Samarbeid i utarbeiding av årsplanar for arkivtenestene.

Del 1 - Reglement for post/sak/arkivarbeidet

SIKRING AV MATERIALE

Rådmannen er ansvarleg for at reglar for sikring av arkivmateriale er oppfylgde. Dette gjeld både den fysiske sikringa og sikring mot at uvedkomande får innsyn.

Tryggleik - publikum/tilsette

Offentleglova slår fast at ålmenta har rett til innsyn i offentlege saksdokument dersom dei ikkje fell inn under reglane for unnatak jfr. §§ 5 og 6. Kvart arkivskapande organ i kommunen skal ha klare reglar for kva saker/dokument som heilt eller delvis skal vere unnateke offentleg innsyn.

Forvaltningslova gjev dei som er partar i sak innsyn i dokument som er unnateke offentleg innsyn. Dette vert kalla partsoffentleg. Her finst likevel unnatak, sjå §§ 18-20.

Personregisterlova gjev einskildindivid rett til å få vite kva opplysningar som er lagra om dei (§ 7). Her gjeld også visse unnatak.

Arkivleiar har ansvar for at reglar om innsyn i eldre arkiv vert følgde. Her kjem klausulert materiale i ei særstode. Riksarkivaren gjev retningsliner for når dette materiale kan opnast for innsyn. Normalt vil dette vere 60 år. For ein del materiale som inneheld særleg sensitive personopplysningar, kan fristen vere 80 eller 100 år.

Riksarkivaren avgjer i samråd med departementet om forskarar o.a skal få nytte materialet før slike fristar. I slike høve må dei skrive under ei erklæring om teieplikt.

Arkivpersonale eller andre tilsette har ikkje høve til å gje opplysningar til uvedkomande om saker dei har fått kjennskap til gjennom arbeidet (jfr. Forvaltningslova § 13). Samtlege tilsette skal ha underteikna ei teieplikterklæring på dette.

Tryggleik - fysisk sikring

Arkivlova stiller strenge krav til tryggleik. Desse krava er retta mot både den fysiske og elektroniske oppbevaringa av arkivmateriale. Heile kapittel IV i forskriftene femner om fysisk sikring av arkivmateriale. Arkivlova reknar alle rom der ein oppbevarer arkivmateriale over lengre tid, som arkivlokale. Arkivlokale kan vere vanleg kontorrom eller spesialrom for arkiv.

Arkivlokala til offentlege organ skal gi arkivmateriale vern mot vatn og fukt, mot brann og skadeleg varme, mot skadeleg påverknad frå klima og miljø og mot skadeverk, innbrot og ulovleg tilgjenge (AL § 4-1).

Del I - Reglement for post/sak/arkivarbeidet

Mellombels løysing for sikring

Arkivlova set som krav at kommunen innan år 2002 skal ha utarbeidd eit oversyn over arkivlokala sine og vurdere om dei oppfyller føresegnene. Denne planen skal vere fullført fem - ti år etter at planen er godkjent av Riksarkivaren (AL § 4-11).

Har Vågsøy kommune arkivlokale som mellombels ikkje oppfyller krava, skal det sytast for tiltak som sikrar arkiva best mogeleg (AL § 4-12).

Krav til arkivlokale i nybygg og ved ombygging

Vern mot vatn og fukt (AL § 4-6)

Ein skal til ein kvar tid ha sikra seg mot at vatn og fukt ikkje trekkjer inn i arkivlokale. I spesialrom for arkiv skal det ikkje vere vassrøyr. Dersom det i eksisterande bygningar er urimeleg kostbart å endre røyropplegget, kan ein nytte tekniske løysingar som hindrar materiale frå å verte skadd av vatn frå røyra.

Vern mot brann og skadeleg varme (AL § 4-7)

- Røyking og anna brannfarleg verksemd skal ikkje forekomme i arkivlokale.
- Det skal ikkje vere anna elektrisk utstyr enn det som er naudsynt for verksemda i arkivlokale.
- Spezialrom for arkiv skal varmast opp på ein måte som ikkje medfører fare for brann eller på annan måte skade for arkivmaterialet.
- Arkivlokala skal spesifiserast etter dei tekniske forskriftene til plan- og bygningslova.
- Arkivlokala skal vere separate einingar eller brannceller.
- Brannmotstandsevne skal vere REI 30 i kontorrom, REI 60 i spesialrom for bortsettjingsarkiv og REI 120 i spesialrom for eldre og avslutta arkiv. Materiale skal for sistnemnde type utførast i ubrennbart materiale medan det for dei to førstnemnde typane skal utførast i materiale som er avgrensa brennbare.
- Arkivskap nytta i bortsettjingsarkiv og eldre avslutta arkiv skal ha brannmotstandsevne EI 90 eller høgare.
- Spezialrom for arkiv skal ha sjølvluukkande dør og normalt ikkje ha vindauge.
- Spezialrom for arkiv skal ha automatisk brannalarm og handsløkkingsapparat.

Vern mot skadeverk, innbrot og ulovleg tilgjenge (AL § 4-9)

- Bygningsdelar som avgrensar arkivlokale skal sikre arkivmateriale mot innbrot og ulovleg tilgjenge.
- Spezialrom for arkiv skal vere sikra med særskild innbrotsalarm. Kontorrom der ein har arkiv, skal gå inn i det ordinære tryggingsopplegg for bygningen.
- Offentlege organ skal ha reglar for kven som har tilgjenge til lokale.

Del 1 - Reglement for post/sak/arkivarbeidet

Tryggleik - elektronisk sikring

Sikring mot tap av informasjon

- For elektronisk journalføring skal offentlege organ normalt nytte eit arkivsystem som følgjer krava i Noark-standarden.
- Tryggingsskopiar av databasen skal takast på elektronisk lagringsmedium dagleg. Tryggingsskopiane skal lagrast på einingar som er fysisk åtskilde frå dei einingane der databasen ligg.
- Materiale på elektronisk medium må kopierast eller konverterast til nye lagringseiningar i den grad det er naudsynt for å ta vare på og ha tilgang til dokumentinnhaldet.
- Saksdokument i offentlege arkiv kan lagrast elektronisk. Ein føresetnad er at det blir nytta fullgode system, rutinar, dokumentlagringsformat og lagringsmedium som er godkjende av Riksarkivaren gjennom generelle føresegner og enkeltvedtak.
- For elektronisk register og databasar krevst det ikkje arkiveksemplar på papir. Men systema som dei inngår i, skal vere godt nok dokumenterte til at arkivmaterialet kan nyttast også etter overføring til arkivdepot.

Riksarkivaren kan fastsetje, gjennom generelle føresegner eller enkeltvedtak, at elektroniske system allereie når dei vert oppretta, skal ha eksportfunksjonar som sikrar at bevaringsverdig materiale kan avleverast til arkivdepot på eit eigna lagringsformat og med fullgod dokumentasjon.

Opplysningar som ikkje lenger er aktuelle, skal **ikkje** slettast utan at det ved generelle føresegner eller samtykke er gitt samtykke til kassasjon.

Sikring mot tilgang for uvedkomande

Følgjande retningsliner skal gjelde for Vågsøy kommune for å sikre at ikkje uvedkomande får tilgjenge til elektronisk lagra opplysningar av personsensitiv karakter. Retningslinene er i tråd med kva som er tilrådd av Datatilsynet.

Personelltryggleik

- Medarbeidarar som har tilgjenge til sensitive personopplysningar eller til informasjon om sikring av slike opplysningar skal underskrive ei erklæring om teieplikt.
- Det skal berre gjevast tilgang til områder eller soner i den grad det er naudsynt for å utøve pålagde oppgåver.
- Område til sensitive personopplysningar skal kontrollerast slik at berre autorisert personale har sjølvstendig tilgjenge til desse. Datatilsynet seier om tilgjenge til slike område:
 - Område der sensitive personopplysningar vert handsama skal vere kontrollert av eit tilgangskontrollsystem.
 - Før nøkkelansvarleg tildeler nøkkel og kode for tilgjenge, skal skriftleg autorisasjon mottakast.
 - Besøkande skal alltid følgjast av medarbeidar som er autorisert for tilgjenge, og skal aldri vere åleine i slike område. Dette gjeld også eksternt servicepersonell,

Del I - Reglement for post/sak/arkivarbeidet

reingjeringspersonell eller andre som ikkje har underteikna erklæring om teieplikt og er gjevne autorisasjon

- Tildelte tilgjengerettar skal avgrensast til det som er naudsynt utifrå tenestebehov og skal alltid fjernast når arbeidstilhøvet opphøyrer.

Systemteknisk tryggleik

- Soner skal nyttast som eit grunnleggjande prinsipp i tryggleiksarkitekturen.
- Verksemda sine informasjonssystem skal berre nyttast av utstyr som vert disponert av verksemda. Dette inkluderer heime-PC. Privat utstyr skal aldri nyttast for lagring av sensitive opplysningar.
- Skilje mellom sikra sone og det øvrige interne nettverk skal gjennomførast slik at det ikkje er mogeleg for brukarar å overstyre innlagde avgrensingar, dvs. at passord som einaste skilje ikkje er tilfredsstillande mot sikra soner. Det må minimum vere éi teknisk barriere mellom sikra sone og det interne nettverket.
- Skilje mellom eksterne nettverk og sikra sone skal utgjere to tekniske barrierar.
- Inga teneste skal kunne initierast frå andre soner og inn i sikra sone
- Heile verksemda sitt nettverk skal vernast mot øydeleggjande program som t.d. virus.
- Ekstern formidling av sensitive personopplysningar og sensitiv driftsinformasjon skal berre skje ved bruk av kryptering.
- Tilkopling av berbart utstyr og tilbakekopling av utstyr som imidlertid har vore fråkopla verksemda sitt informasjonssystem skal berre skje til predefinerte punkt som følgjer verksemda sitt konfigurasjonskart.

Krav til arkivsystem

Kommunen skal nytte elektroniske arkivsystem som er godkjende av Riksarkivaren gjennom generelle føresegner eller enkeltvedtak.

Noark-standard

Noark er ein kravspesifikasjon for elektroniske arkivsystem i offentleg forvaltning. Spesifikasjonen set krav til *informasjonsinnhald, datastruktur og funksjonalitet* Gjeldande standard er Noark-4. Den er ei samansmelting og ei vidareføring av Noark-3 og Koark. Noark-4 består av 2 hovuddelar. Del 1 har tittelen *Funksjonsrettet beskrivelse og kravspesifikasjon* og del 2 har tittelen *Tekniske spesifikasjoner*.

Føremålet med standarden er å få datasystem som tilfredstiller gjeldande lover og reglar, fremjar funksjonalitet og som ivaretek den historiske verdien til materialet.

Standarden set i del 1 krav til følgjande modular:

- Modul for journal og arkivstyring
- Modul for elektroniske arkiv
- Modul for administrativ oppbygging og arkivstruktur
- Modul for tilgangsstyring og brukaradministrasjon
- Modul for utvalshandsaming

Del I - Reglement for post/sak/arkivarbeidet

I tillegg set standarden krav til E-post og digitale signaturar, rapportar og stitistikkar, periodisering, bortsetjing og avlevering. Den har òg eit kapittel som stiller krav til prosessstyring i dokumenthandsaminga.

Krav til arkivmedium

For å sikre at arkivmateriale skal vere tilgjengeleg for ettertida er det viktig at lagringsmediet oppfyller gjeldande kriteria for haldbarheit. Alt materiale som skal takast vare på for ettertida skal difor oppbevarast på godkjent lagringsmedium.

Papirmedium

Forskriftene til Arkivlova set som krav at papir som lagringsmedium skal vere arkivhaldbart, dvs. godkjent av Riksarkivaren etter internasjonal standard (ISO 9706) for permanent papir. Riksarkivaren kan fastsetje at det skal nyttast spesialpapir til særskilde formål (AL §2-12).

Elektronisk medium

Arkivlova tillet at saksdokument i offentlege arkiv kan lagrast elektronisk. Ein føresetnad for det er at det vert nytta fullgode, system, rutinar, dokumentlagringsformat og lagringsmedium som er godkjende av Riksarkivaren gjennom generelle føresegner eller enkeltvedtak (AL § 2-13).

For elektroniske register og databasar krevst det ikkje arkiveksemplar på papir, men systema som dei inngår i skal vere så godt dokumenterte at materiale kan nyttast også etter at dei er avlevert til arkivdepot (AL § 2-14).

Magnetband skal oppbevarast under ekstra trygge tilhøve. Diskettar skal ikkje nyttast til langtidslagring av data.

Mikrofilm

Arkivmateriale på mikrofilm kan erstatte originaldokumentet på papir dersom ein oppfyller visse krav. Riksarkivaren kan fastsetje at visse typar originaldokument ikkje kan erstattast av mikrofilmkopiar (AL § 2-15).

Krav til arkivutstyr

Utstyr til merking

For merking av omslag, mapper og boksar som skal takast vare på, skal det berre nyttast lysekte kulepenn eller tusj, ikkje blyant.

Skap og mapper

Arkivskap og hengemapper skal vere i A4-format, om ikkje anna er sagt. Alle arkivskap skal ha lås. Hengemapper skal kunne koplast saman.

Del I - Reglement for post/sak/arkivarbeidet

Innhaldet i hengemappene skal alltid ligge i omslagsmapper ordna sak for sak. Ved bortsetjing skal desse overførast til syrefrie boksar som er tette med fast lokk, frie for metall og som har godkjend pappkvalitet. Ringpermar og brevordnarar skal **ikkje** nyttast i fjernarkiv.

For arkivmateriale som har særlege format som kart, teikningar o.l. skal det nyttast spesialtilpassa mapper og skap.

Hyller og reolar

Hyller og reolar i spesialrom for arkiv skal vere av ikkje brennbart materiale.

Del I - Reglement for post/sak/arkivarbeidet

ORGANISERING OG SYSTEMATISERING AV ARKIV

Vågsøy kommune pliktar til ein kvar tid å ha eit ryddig og oversiktleg arkiv som sikrar tilfredsstillande tilgjenge for nå- og ettertida.

Grunnleggande prinsipp for arkivering - proveniensprinsippet

Proveniensprinsippet er ein grunnregel gjeld for all oppbevaring av av arkiv. Denne grunnregelen set som krav at arkiv frå ulike arkivskapande organ skal haldast i frå kvarandre, og at opphavleg orden og indre samanheng skal takast vare på for ettertida. Dette tyder mellom anna at ein ikkje skal reorganisere arkiv i ettertid, t.d. kode eit eldre arkiv etter ein ny nøkkel. Det tyder også at ein ved ei etatsamanslåing ikkje skal slå saman arkiva i frå tida før samanslåinga.

Nokre sentrale omgrep

Tre omgrep er sentrale for å sikre at proveniensprinsippet vert følgd. Desse omgrepa ligg og til grunn for arkivoversynet i del 6. Dei tre omgrepa er:

Arkivskapar

Med arkivskapar meiner ein i denne samanheng ei eiga administrativ eining som har eige arkiv og som tek i mot og sender ut post på vegne av kommunen.

Enkeltarkiv

Den samla dokumentmengda frå ein arkivskapar.

Arkivserie

Samling av arkivalia ordna etter eit felles ordningsprinsipp. Eit enkeltarkiv innheld som regel fleire arkivseriar.

Arkivplan

Forskriftene til Arkivlova krev at kommunen har ein arkivplan (AL § 2-2). Arkivplanen skal til ei kvar tid gje eit oversyn over korleis all informasjon og dokumentasjon som Vågsøy kommune treng i sitt daglege arbeid, eller har plikt til å oppbevare for ettertida, skal registrerast, oppbevarast og nyttast. Arkivplanen skal mellom anna innehalde eit oversyn over dei arkiva (arkivseriane) som finst i kommunen. Til desse arkiva skal det knytast ein del informasjon etter eit visst system (**sjå del 6**)

Arkivplanen skal gje forpliktande retningslinjer og gje oversyn som lettar bruk av kommunen sin dokumentmasse både for samtida og framtida.

Planen skal oppdaterast årleg.

Del I - Reglement for post/sak/arkivarbeidet

Arkivnøkkel

Arkivnøkkel nyttar ein på saksarkiv, det vil seie arkiv der innhald og ikkje objekt er avgjerande for arkiveringa. Alle saksarkiv i kommunal forvaltning skal vere klassifiserte etter ein arkivnøkkel. Vågsøy kommune nyttar K-kodenøkkelen som klassifikasjonssystem for sine saksarkiv. Unntak frå dette skal føreleggjast arkivleiar for godkjenning.

K-kodenøkkelen skil mellom eigaforvaltningssaker (talklassar) og fagsaker (bokstavklassar) og vert oppdatert av Kommunenes Sentralforbund. Det vil seie at det ikkje er høve til å ta i bruk ledige kodar lokalt.

Nøkkelen har i hovudsak to funksjonar:

- Systematisk plassering av papirdokument i det fysiske arkivet.
- Søkstreng for elektronisk attfinning av saker innanfor emne.

Alle som nyttar arkivnøkkelen skal gjennomgå opplæring i bruken av han. Spørsmål om bruken skal rettast til arkivleiar eller arkivansvarleg ved område.

Kommunen skal ha utarbeidd eit oversyn over dei K-kodane som er i bruk i kommunen sine saksarkiv. Dette oversynet skal følgje saksarkivet ved overføring.

Ved overgang til ny nøkkel skal ein starte på ein ny periode i saksarkivet.

Saksomgrep

Arkivlova set som krav at dokument som tilhøyrer same sakstilhøve skal haldast samla (AL § 3-6). Det tyder at ein anten må knytte dokumenta til eitt saksnummer eller nytte referansar som gjer det mogeleg å nytte dokumenta samla.

Vågsøy kommune må av denne grunn ha klart definert kva ein reknar som ei administrativ sak. I tillegg må kommunen også definere korleis ein bind saman nærskyldte saker eller mindre saker som er knyta til eit overordna prosjekt eller ei overordna sak. Ein pliktar også å ha referansar til eventuelle tidlegare saker som omhandlar same tilhøvet.

Periodisering

Med periodisering meiner vi at innhaldet i eit arkiv eller ein arkivserie vert inndelt i tidsbolkar. Andre ord er journalperiodar eller arkivperiodar.

Arkivlova krev periodisering for ein del arkiv (§§ 3-12 til 3-17).

Føremålet med periodisering er å få eit systematisk oversyn over arkiva i høve til kva tidsperiode dei vart nytta. Dette lettar framfinning av dokument produsert attende i tid.

Periodisering vert nytta hovudsakleg på møtebøker, kopibøker, brevjournalar og ein del andre registerseriar. I tillegg til desse, nyttar ein periodisering på saksarkiv. Arkiv ordna på objekt nyttar i regelen ikkje periodisering.

Lengda på perioden kan variere alt etter serietype og storleik på den eininga som nyttar arkivserien. Perioden for saksarkivet er likevel fast.

Del I - Reglement for post/sak/arkivarbeidet

Periodisering av saksarkiv

Perioden for saksarkiva følger valperioden. Det vil seie at ein periodiserer kvart 4. år i samband med kommunevalet. Ein periodiserer saksarkivet også i ein del andre samanhengar t.d. ved overgang frå eit arkivsystem til eit anna, ved organisatoriske endringar og endring av arkivnøkkel.

- Når perioden sluttar, set vi strek i saksarkivet. Nå skal ingen nye arkivdokument arkivleggjast i denne bolken.
- Arkivmaterialet kan verte ståande i arkivskapet men skilt i frå den nye perioden eller ein kan pakke materialet i arkivboksar (bortsetjing). Vanlegvis set ein ikkje bort materialet før ved neste periodisering.
- Ved bortsetjing skal det gå tydeleg fram kva materiale som tilhøyrrer ein bestemt periode. Dei enkelte arkivstykkka skal merkast med følgjande opplysningar:
 - Namn på arkivskapar
 - Namn på arkivserie
 - Eventuelle arkivkodar (frå/til)
 - Periode (frå/til)
- Når ein periodiserer tek ein ikkje-avslutta saker ut av den avslutta perioden og overfører det til den nye dei 6 første månadene etter periodeskiftet. Vi overfører sak for sak etterkvart som vi treng dei. Vi må då vere nøye med referansar både i det fysiske arkivet (tilvisingskort) og elektronisk. Etter 6 månader skal vi ikkje overføre saker men berre låne materialet. Frå nå av skal dei avslutta bolkane vere uendra. Slik skal desse seinare overførast til fjernarkivet som ein journalperiode.
Viktig: Overføring av saker gjeld berre når ein periodiserer i samband med val. Ved omorganisering, skifte av nøkkel eller bruk av nytt sak/arkiv-system nyttar ein skarpt periodeskilje. Ved skarpt periodeskilje overfører ein ikkje saker men oppretter nye saker uavhengig av om saka er handsama i den førre perioden.
- I samband med at vi avsluttar ein journalperiode skal vi også gå igjennom alle andre arkivseriar etter arkivserieoversynet i arkivplanen. For kvar arkivserie, anten det er møtebøker, kopibøker eller objektordna arkiv skal vi føreta visse kontrollar ved dette høve.

I samband med at ein periodiserer snakkar ein gjerne om ulike stadia for arkivet: Aktivt arkiv (dagleg arkivet), bortsetjingsarkivet (mellomarkivet) og eldre og avslutta arkiv (fjernarkivet). Sjå kapittel 5 i planen.

Elektroniske arkiv skal periodiserast på lik linje med dei fysiske arkiva. Informasjon skal på ein enkel måte kunne søkjast fram i frå eventuelle elektroniske journalar og arkiv frå avslutta periodar.

Del I - Reglement for post/sak/arkivarbeidet

Avlevering

Avlevering til fjernarkiv

For avlevering av arkivmateriale til fjernarkiv skal følgjande prosedyrar følgjast:

- avlevering skal avtalast i god tid med arkivleiar slik at arkivleiar kan fastsetje når og korleis dette skal skje.
- materialet skal på førehand vere gjennomgått med tanke på rensing, arkivavgrensing og kassasjon.
- arkivmateriale skal vere ordna etter proveniens (opphav). Dette inneber at arkiv frå ulike arkivskapande organ skal haldast i frå kvarandre, og at opphavleg orden og indre samanheng skal takast vare på.
- møtebøker, kopibøker, journalar og register som har vore oppbevart i lausbladform skal bindast inn .
- alle arkivboksar og øskjer skal tydeleg merkast med arkivskapar, arkivserie, dato og innhald.
- avleverar skal utarbeide fullstendig oversyn (avleveringsliste) over det materialet som avleveringa omfattar.
- Lista skal førast på særleg skjema og sendast til arkivleiar i god tid før avlevering.
- Når lista og anna dokumentasjon er godkjent av arkivleiar, kan arkivmateriale pakkast ned i transportemballasje og nøyaktig tidspunkt for avlevering avtalast.
- Etter at materiale er avlevert skal eit eksemplar av avleveringslista sendast mottakar som kvittering.

Dersom arkivleiar finn at ovanfor nemnde prosedyre er følgd, kan arkivleiar returnere materiale til ny gjennomgang eller sende rekning for meirarbeid på grunn av dette.

Instruks for avlevering av personregistermateriale

Vilkår for avlevering til Fylkesarkivet

- Arkivmateriale skal vera ordna, det skal vera pakka i arkivboksar og det skal vera registrert på avleveringsliste.
- Mappene skal leggjast i vanlege arkivboksar i same orden som før avleveringa. (Aktuelle ordningsmåtar er etter fødselsdato, alfabetisk etter namn, eller etter klientnummer).
- Mapper etter døde personar bør merkjast særskilt. Dersom det finst større mengder slike mapper hjå ein arkivskapar kan desse samlast i egne arkivboksar.
- Arkivboksane skal nummererast fortløpande og merkjast med namnet til kommunen, avdelinga/kontoret, innhaldet og årstal.
- Personmappene skal registrerast med namn og fødselsdato på Fylkesarkivet si "AVLEVERINGSLISTE - PERSONREGISTERMATERIALE". Desse listene skal gje oversyn for kva mapper som er i kvar einskild arkivboks. Dersom mappene er ordna etter klientnummer, skal det følgja med eit alfabetisk oversyn for personnamn og fødselsdato med referanse til klientnummer.
- Fylkesarkivet sin "AVLEVERINGSBLANKETT-PERSONREGISTERMATERIALE" skal også fyllast ut.

Del I - Reglement for post/sak/arkivarbeidet

- Avleveringa må skje etter nærare avtale med Fylkesarkivet.

Tilgang til avlevert materiale

- Avleverande eining har tilgang til personmapper i avlevert personregister etter vedtektene i rammekonsesjonen frå Datatilsynet til Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane. Det forvaltningsorganet som har avlevert eit personregister kan få nytta registeret utan fornya konsesjon, dersom bruken er den samme som før avlevering til Fylkesarkivet. Slik gjenbruk må forvaltningsorganet melda til Datatilsynet, og ein føreset at dei opphævelege konsesjonsvilkåra for registeret blir følgde.
- Dersom personopplysningar skal nyttast til anna føremål enn før avleveringa, skal avleverande eining søka Datatilsynet om særskilt løyve før tilbakeføring kan finna stad.
- Personopplysningar som vert tilbakeført avdi ein tidlegare klient har gått inn i eit fornya klientforhold, vil vanlegvis gå inn som dokumentasjon i den aktive klientmappa saman med det nye materialet. I slike høve skal ein ikkje senda materialet attende til Fylkesarkivet, men Fylkesarkivet må likevel få melding når ei tilbakeføring på denne måten vert fast.
- Personmapper som berre vert nytta mellombels og ikkje i eit fornya klientforhold, skal handsamast som eit utlån frå det avleverte arkivet og skal returnerast til Fylkesarkivet etter bruk. Fristen for slikt utlån er 4 veker.

Partsinnsyn i avlevert materiale

Dersom tidlegare elev eller klient ønskjer partsinnsyn etter § 7 i personregisterlova, gjeld punkt 5 i rammekonsesjon frå Datatilsynet for Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane:

Den som krev innsyn i opplysningar som er lagra om vedkomande, må kunna oppgje kva for register det gjeld og dessutan gje tilstrekkeleg informasjon til å identifisera dei aktuelle dokumenta eller datapostane, t.d. namn, fødselsnummer, eller andre opplysningar som er brukte som inngang til materialet.

Personar som ber om innsyn i register, der det er aktuelt å gjera ei vurdering etter § 7, første ledd, tredje pkt. , skal visast til registeransvarlege i avleverande institusjon, slik at denne vurderinga skal gjerast på fagleg grunn her.

Eventuelt avslag om innsyn etter denne vedtekta må avklarast mellom vedkommande person, registeransvarleg ved arkivskapande organ og Datatilsynet.

Kravet i forskriftene om at opplysningane skal verta gjevne innan ein månad (§ 1 - 1) gjeld for register som er avleverte til Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane.

Del I - Reglement for post/sak/arkivarbeidet

Oppstilling i fjernarkivet

Materiale frå ulike arkivskaparar skal plasserast kvar for seg i tråd med proveniensprinsippet. Allment norsk arkivskjema er retningsgivande for korleis arkivseriane i eit arkiv skal stillast opp i arkivmagasin, i katalogar, på avleveringslister m.m.

Rekkjefølgja er denne:

- A: Møtebøker, referatprotokollar, forhandlingsprotokollar o.l.
- B: Kopibøker
- C: Journalar og andre overgripande register
- D: Saksarkiv
- D1: Hovudarkiv (saksarkiv ordna etter hovudsystemet)
- D2: Sideordna saksarkiv
- E-O: Spesialarkiv
- P: Personalforvaltning
- Q: Egedomsforvaltning, inventar
- R: Rekneskap
- S: Statistikk
- T: Kart og teikningar
- U: Foto, film, lydopptak
- V: Edb og mikrofilm
- W: Gjenstandar
- X: Eigenproduserte trykksaker
- Y: Andre utskilte seriar/arkivdeler
- Z: Referansemateriale (arkivliste, instruksar, avisutklipp m.m.)

Arkivavgrensing, bevaring, kassasjon

Arkivavgrensing

Definisjon:

Med arkivavgrensing er meint at dokument som fell inn under definisjonen av arkiv § 2 i Arkivlova, men som verken er gjenstand for saksbehandling eller har verdi som dokumentasjon, blir halde utanfor eller fjerna frå arkiva. (AL § 3-18)

Ei saksmappe skal med andre ord innehalde tilstrekkeleg informasjon til at ein utan førehandskjennskap til saka skal kunne setje seg inn i sakskomplekset.

Forskriftene til Arkivlova set som krav at arkivavgrensing skal vere gjort seinast ved avlevering til depot. Det vert tilrådd at ein gjennomfører arkivavgrensinga i samband med posthandsaming eller arkivlegginga. (AL § 3-19)

Følgjande typar av materiale skal i følgje forskriftene til Arkivlova skiljast ut ved arkivavgrensing:

Del I - Reglement for post/sak/arkivarbeidet

1. Trykksaker, rundskriv og anna mangfaldige og allment tilgjengeleg materiale og blankettar som ikkje er utfylte.

Unntak:

- Det organet som har utferda slikt materiale, skal arkivere eitt eksemplar og dei nødvendige forarbeida.
 - Dokument som fører til sakshandsaming, eller som er naudsynte vedlegg til ei sak skal arkiverast.
2. Konsept, utkast, kladdar og kladdenotat, ekstra kopiar, interne meldingar o.l. som ikkje har verdi for sakshandsaming eller dokumentasjon.

Unntak:

- Konsept som har noteringar og påteikningar som er naudsynte for å forstå saka og den samanhengen ho står i skal arkiverast.
 - Kopi av utgåande brev skal arkiverast.
 - Andre kopiar som er naudsynte vedlegg i ei sak skal arkiverast.
3. Tekstbehandlingsfiler o.l. bortsett i frå det som eventuelt inngår i elektronisk saksarkiv.
 4. Sakspapir som medlemene av offentlege utval mottek, med mindre dokumenta må reknast som saksdokument for det organet medlemen representerer
 5. Anna materiale som verken er gjenstand for sakshandsaming eller har verdi som dokumentasjon.

Bevaring

Definisjon:

Med bevaring er meint at arkivmateriale vert oppbevart for framtida og avlevert til arkivdepot. Materiale som kjem inn under føresegner om bevaring, kan såleis ikkje kasserast. (AL § 3-18)

Følgjande materiale skal i følgje Arkivlova alltid bevarast dersom ikkje Riksarkivaren fastset noko anna:

1. Arkivmateriale eldre enn 1950, etter at arkivavgrensing er utført.
2. Møtebøker, forhandlingsprotokollar, referatprotokollar, møtereferat og eventuelle vedleggseriar til desse.
3. Organets eigne årsmeldingar.
4. Kopibøker (kopiar av utgåande brev) og kopibokregister.
5. Journalar, medrekna journaldatabasar, og journalregister.
6. Alle andre former for register og hjelpemiddel som kan brukas til framfinning, t.d. arkivnøklar som organet har brukt.

Del 1 - Reglement for post/sak/arkivarbeidet

7. Arkivplanar
8. Presedenssaker og andre saker av prinsipiell karakter, også innanfor saksgrupper der det i godkjende kassasjonsreglar er gitt kassasjonspåbod utan spesifiserte unntak.
9. Kart, unnateke trykte kart utan påteikningar.
10. Teikningar og fotografi som har inngått som ledd i den verksemda organet har drive.
11. Grunnlagsmateriale, innstillingar, protokollar/referat og endelege vedtak frå styre, råd, nemnder og utval.

I tillegg skal kommunane i Sogn og Fjordane også å bevare alle konsesjonspliktige personregister. Desse pliktar kommunane å avlevere Fylkesarkivet i tråd med rammekonsesjon av 24.11.1992.

Kassasjon

Definisjon:

Med kassasjon er meint at arkivmateriale som har vore gjenstand for saksbehandling eller hatt verdi som dokumentasjon, blir teke ut av arkivet og sletta eller destruert. (AL § 3-18)

Arkivlova krev at det skal vere utarbeidd kassasjonsreglar for materiale som ikkje kjem inn under arkivavgrensinga eller bevaringspåbødet.

Konsesjonspliktig personregister skal **ikkje** kasserast, jfr. avsnitt under bevaring ovanfor.

Uheimla kassasjon er forbode med mindre Riksarkivaren har gjeve samtykke.
Kassasjon i strid med Arkivlova sine føresegner kan straffast etter Arkivlova § 22.

Arkivmateriale som skal kasserast, skal øydeleggjast under trygt tilsyn og ved å nytte forbrenningsomn eller makuleringsmaskin.

DEL 2

VÅGSØY KOMMUNE

**DAGLEGE
POST/SAK/ARKIV-
RUTINER**

- korleis skal vi i det daglege handsama dokument?

INNHALD:

Kapittel 1:	POSTRUTINER	side 3
1.1	Definisjonar	
1.2	Mål	
1.2.1	Generelle retningsliner	
1.2.2	Utskrifter v/elektronisk journalføring	
1.2.3	Gradering	
1.3	Daglege rutiner	
1.3.1	Inngående post	
1.3.2	Sortering	
1.3.3	Journalføring av inngående sakspost	
1.3.4	Postmapper/postmøte	
1.3.5	Postlister	
1.3.6	Utgående sakspost/dokument	
1.3.7	Utlån	
1.3.8	Restansar - post	
1.3.9	Arkivlegging	
Kapittel 2:	ARKIVRUTINER FOR SAKSHANDSAMARAR I VÅGSØY KOMMUNE	side 9
2.1	Avslutta utval -avslutta saker	
2.2	Registrering	
2.3	Rettingar	
2.4	Bruk av verktøy	
2.5	Arkivnøkkel	
2.6	Ekspedisjon	
2.7	Saker/dokument frå arkivet	
2.8	Kontortryggleik	
2.9	Vern, arkivavgrensing og kassasjon	
2.10	Avslutta arkiv	

